

- KUNNGJERING -

Småkraft AS – Søknad om løyve til Kaldsåni kraftverk i Kaldsåni i Bykle kommune

NVE har motteke ein søknad frå Småkraft AS om løyve til Kaldsåni kraftverk i Bykle kommune.

Kaldsåni kraftverk vil nytte eit brutto fall på 235 meter i elva Kaldsåni med inntak på kote 995 og avlaup frå kraftstasjon på kote 760. Kraftverket er planlagt med ein installert effekt på 3,15 MW, og den årlege produksjonen er berekna til om lag 7,72 GWh. Vassvegen er planlagt som røyr, nedgrave mesteparten av strekninga. Det blir tilrettelagt for køyring i røyrgatetraseen i anleggsfasen. Det er to alternativ for transport inn til kraftstasjonsområdet. Ved transport med lekter på Harteavatnet må ein tilretteleggja for ilandføring av maskiner og anleggsdelar. Alternativt kan ein forlengje eksisterande veg frå sør-enden av Harteavatnet med ca. 2,3 km langs vatnet. Søker foreslår slepp av minstevassføring på 50 l/s om sommaren og 15 l/s om vinteren forbi inntaket til kraftverket.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på Rådhuset, Bykle og Hovden bibliotek, og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Småkraft AS v/Kari Seim på tlf.: 55 12 72 34 eller e-post: kari.seim@smaakraft.no.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **01.09.2011**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan nyttast til dette.